



# Tvisteløysingsnemnda

**Vedtaksdato**  
23.08.2024

**Vår referanse**  
2024/91

**Saksbehandlar**  
Birgit Espejord Jensen

## SAK NR 75/24 I TVISTELØYSINGSNEMNDA

### Temaet i saka

Tvist om fortrinnsrett for deltidstilsette etter arbeidsmiljøloven § 14-3

### Arbeidstakar

A

### Arbeidsgjevar

B

### Vedtak

A hadde fortrinnsrett til ytterlegare 10 prosent av den utlyste sekretærstillinga, etter arbeidsmiljølova § 14-3.

### Samansetninga til nemnda

Anne Marie Due, leder

Jan Eikeland, Akademikerne, fast medlem arbeidstakarsida

Andreas Dag Nilsen, KS, fast medlem arbeidsgivarsida

### **Bakgrunnen i saka**

A er fast tilsett som sekretær i stilling på 80 prosent hos B, for tiden ved kirurgisk poliklinikk, dagkirurgi og kontor, ved [Lokasjon]

Den 21. februar 2024 kravde A fortrinnsrett til 20 prosent av ei utlyst stilling som helsesekretær på 90 prosent, slik at ho fekk 100 prosent stilling.

B avslo kravet om fortrinnsrett i e-post av 2. april 2024. Arbeidsgjevar ga henne en utvida stilling til 90 prosent og grunn gav avslaget på full stilling med at det berre var 90 prosent stilling som var ledig.

### **Dokumenta i saka**

A bringa saka til nemnda den 2. april 2024.

Begge partar har fått moglegheit til å komme med utfyllande merknader.

A har sendt følgjande til nemnda:

- brev av 2. april 2024
- brev av 10. april 2024
- brev av 16. april 2024

B har sendt følgjande til nemnda:

- brev av 4. juni 2024

Arbeidsgjevar har ikkje etterkomme gjentekne oppmodingar frå nemnda om å opplyse saka, og dei har ikkje svart på spørsmåla i nemndas brev, trass i purringar.

### **Arbeidsgjevar sitt syn på saka**

B hevdar at dei har innfridd arbeidstakar sitt krav. Dei hadde utlyst ei stilling på 90 prosent og ho har fått denne. Dei har ikkje større stillingledig.

### **Arbeidstakar sitt syn på saka**

A hevdar at ho har fortrinnsrett til ytterlegare 10 prosent av stillinga som var utlyst slik at ho får 100 prosent stilling.

### **Lovgrunnlag og kva partane er ueinige om**

Tvisteløysingsnemnda kan etter arbeidsmiljølova § 17-2 avgjere tvistar som nemnt i arbeidsmiljølova 14-3 første ledd:

*Deltidsansatte har fortrinnsrett til utvidet stilling fremfor at arbeidsgjevar foretar ny ansettelse eller innleie i virksomheten. Fortrinnsretten kan også gjelde en del av en stilling.*

Etter § 14-3 tredje ledd må det være ei utviding av arbeidstakar sin nåverande stilling, ho må vere kvalifisert for stillinga og fortrinnsretten må ikkje innebere vesentlege ulemper for verksemda.

Etter ordlyden kan arbeidstakaren krevje fortrinnsrett til heile eller til deler av ei utlyst stilling.

Problemstillinga i saka er om B har innfridd kravet med å gje A 90 prosent stilling, eller om ho hadde rett til ytterlegare 10 prosent av stillinga.

Nemnda presiserer at det ikkje er omstridt at stillinga er ei utviding av arbeidstakar si faste deltidsstilling eller at ho er kvalifisert. Videre har ikkje arbeidsgjevar hevda at det føreligg vesentleg ulempe ved å gje fortrinnsrett til berre deler av den utlyste stillinga.

### **Grunngivinga til nemnda**

Nemnda har einstemmig komme til at A hadde fortrinnsrett til ytterlegare 10 prosent av stillinga, slik at ho fekk 100 prosent stilling.

Nemnda har gjort desse vurderingane:

Nemnda legg til grunn at etter arbeidsmiljølova sin ordlyd kan arbeidstakaren krevje fortrinnsrett til heile eller til deler av ei utlyst stilling. I denne saka hadde A kravd fortrinnsrett til deler av ei utlyst stilling som helsesekretær. Arbeidsgjevar har også lagt dette til grunn når A fekk fortrinnsrett til 10 prosent av stillinga.

Nemnda legg difor til grunn at A er kvalifisert, arbeidsoppgåvene er om lag dei same og det ikkje vil medføre vesentlege ulemper for verksemda. Slik saka er opplyst, hadde A difor fortrinnsrett til 20 prosent av den utlyste stillinga. Sjølv om arbeidstakar fekk 90 prosent stilling, som var lyst ut, så kunne arbeidsgjevar delt opp den utlyste stillinga slik at arbeidstakar fekk 100 prosent stilling, og den utlyste stillinga blei redusert til 70 prosent. Ved å gje A fortrinnsrett til 20 prosent av stillinga, ville arbeidsgjevar hatt ei reststilling på 70 prosent ledig stilling til eventuelt å tilsette nokon andre i.

### **Tvisteløysingsnemnda**

Anne Marie Due  
Leder

23. august 2024